



Bømlo kommune  
Arealbruk  
Leirdalen 1  
5430 Bremnes  
postmottak@bomlo.kommune.no

Bømlo, 05.november 2025

## **MERKNAD TIL REVIDERT FRAMLEGG TIL DETALJREGULERING FOR SERKLAU INDUSTRIOMRÅDE – PLANID 202108KRIFT. DYKKAR REFERANSE: 2021/5688-L13**

Vi viser til brev datert 07.10.2025 med oversending av revidert framlegg til detaljregulering for Serklau industriområde, sendt på avgrensa høyring med frist 05.11.2025.

Bremnes Seashore AS takkar for høvet til å kome med innspel, og ønskjer med dette å gi følgjande merknader:

### **1. Flytebrygger og kai**

Vi ber om at det i planen vert opna for etablering av flytebrygger og/eller kai i områda merka Kai 2, NÆ6 og den nordaustlege delen av NÆ1. Dette er viktig for å sikre fleksibilitet og framtidig utvikling av maritim infrastruktur i området, sjå vedlagde kartskisse. Storleik flytebrygge vert begrensa oppad til 60 meter lang, og 5 meter brei.

### **2. Utnyttingsgrad og byggehøgder**

Vi ønskjer at det vert lagt til rette for lik utnyttingsgrad på 70 % i heile planområdet, og at det vert opna for å kunne føre opp bygg med same maksimale byggehøgde i dei ulike delområda. Dette vil sikre likebehandling og føreseielegheit for aktørar i området, og leggje til rette for effektiv arealbruk.

### **3. Samordning med eksisterande næringsverksemd**

Det er viktig for oss at reguleringsplanen legg til rette for god samhandling med eksisterande næringsverksemd. Vi ber om at det vert teke omsyn til korleis planforslaget påverkar framtidig utvikling og drift for Bremnes Seashore AS.

Med venleg helsing  
Bremnes Seashore AS

*Ernst Olav Helgesen*

Ernst Olav Helgesen  
driftssjef sjø